

Nytt år- nye sjansar.

I ein 5-på-gata spørjerunde i bladet Sunnhordland rundt nyttårstider fekk dei utvalde spørsmål om dei hadde eit nyttårsforsett. Alle svara visst nei på det spørsmålet.

Var det fordi dei var så såre nøgde med sin eigen situasjon og innsats, var det fordi dei var totalt likesæle eller tankelause i forhold til det livet dei levde, eller var det fordi dei såg det som nyttelaust å snakka om gode forsett og trudde på lagnaden eller det kyniske ordtaket: Veien til helvete er brulagt med gode intensjonar.

«I morgon skal eg byrja på eit nytt og betre liv», seier Jakob Sande, men som me veit, sigra tørsten over moralen.

«I morgon, i morgon, men ikkje i dag,
I dag, nei i dag gjer eg ikkje det slag!
I dag vil eg liggja på ryggen å sjå,
På lerka som svingar seg høgt i det blå!»

syng Stanley Jacobsen. Me- slappar- av- og- kosar- oss- livet er for mange svært tiltalande. Å nyta er in i tida, og rimar slett ikkje alltid på å yta. Dei sure pliktene kan venta til ein annan dag. Å vera tilskuar har alltid vore enklare enn å vera deltakar.

Kva med oss logebrør, me som på kvart møte blir møtte av orda: Det du vil at andre skal gjera mot deg, det skal du gjera mot dei, me som har vennskap, nestekjærleik og sanning som motto, me som veit at det å vera heile menneske er å vera medmenneske, me som veit at vår ven og vår neste ikkje kan venta til i morgon. Kva er vår trøyst når me utset til i morgon det me burde gjort i dag?

Nytt år handlar nettopp om å starta på nytt, sjølv om det på ein måte er med nyåret som med nymånen, kanskje ikkje heilt ny sjølv om ordet seier noko anna. Likevel, det som er mennesket sitt adelsmerke, er at me treng ikkje gjenta det me alltid har gjort, me har evne til å ta nye val. Dei vala me tok i går, må ikkje nødvendigvis gjelda for dagen i dag eller dagen i morgon. Dei galne vala me tok i går, kan me be om tilgjeving for i dag og begynna på nytt, forandra oss. I målet om å bli betre menneske, meir medmenneske, ligg den trua implisitt at me er i stand til å forandra oss.

Viss me er frie til å velja, har me og fått ansvaret for dei vala me gjer. Då kan me ikkje skulda på lagnaden eller arv og miljø for det livet me lever. Denne sanninga er utgangspunkt for absolutt alle dei moralske krav og oppfordringar me blir møtte med og som me møter oss sjølv med. Skilnaden på desse krava og juridiske krav er at bryt med dei siste, vert me straffa av samfunnet, men bryt med dei første, vert me straffa av samvitet vårt eller miljøet rundt oss.

Skal me då gjera gode gjerningar for å unnga dårleg sjølvkjensle eller sanksjonar frå dei næraste? Er det den negative motivasjonen som blir den viktigaste, som når me slakkar på gassen for å unnga fartsbota, eller er det trua på prosjektet vårt, vissa om at vår innsats betyr ein positiv skilnad for den eller dei som blir tilgodesett, takksemnda frå eit medmenneske som trong ei hjelpande hand, eller smilet til den som var fanga av einsemnda sine kvasse klør og møtte nokon som løyste grepet.

Ein har sagt: «Menneska er skapte til å hjelpa kvarandre. Berre i vilje til fellesskap fungerer menneskelivet slik det var meint.» Kven av oss ønskjer å høyra knappestøyparen sin dom over Peer Gynt ved slutten på vår reise: «Du har budt din bestemmelse tross. Du var ment til en skinnende knapp på verdensvesten, men hempen glapp.»

Likevel, ofte føler me at vår vesle skjerv berre blir ein dråpe i havet. Hugs då kva mor Theresa har sagt: Havet hadde vor mindre utan den dråpen.

bita